

**Fra:** Tore Eriksen (Tore.Eriksen@sfj.no)

**Sendt:** 30.10.2015 15:01:39

**Til:** Bjørn Inge Midtgård

**Kopi:** Eli Nes Killingrød; Ole Ingar Hagen Hæreid; Velaug Mo Veum; Paal Fosdal; Postmottak Sentraladm

**Emne:** SV: Brev frå SD

**Vedlegg:** image001.png

Postmottak:

Ber om at denne e-posten blir registrert.

Hei!

Jf. e-posten din under.

Vi tek brevet frå SD t.o.

Etter mitt syn inneheld brevet ei blanding av gammalt nytt og forhold som burde ha vore teke opp i utgangspunktet.

I Sogn og Fjordane fylke har vi hele tida hatt det slik at det har vore eit skilje mellom etablerte bompengeselskap og dei operative utsteder- og innkrevjingsselskapa. Slik sett vil ikkje det SD no kjem med vere noko nytt.

Sett frå vår side vil det vere naturleg at selskapet Førdepakken AS blir innlemma i eit nytt regionalt selskap. Dette skulle vere greitt å få til gitt dei låna selskapet nyleg har måtte etablere.

Eg reknar på dette grunnlaget med at Hordaland fk svarar også på vegner av oss, i den grad fylkeskommunane no skal gje utrykk for korleis vi ønskjer at ting blir gjort.

SD spør konkret om det bør etablerast ein nasjonal utstedarfunksjon. I den grad dette ikkje fører til ei uheldig form for monopolisering, har vi ikkje merknader til dette. Men samtidig som dette synet ev. blir formidla til SD, burde ein og spørje kva ein tek sikte på å oppnå med å etablere 5 regionale selskap viss ein alternativt kunne etablert eitt – 1 – nasjonalt selskap.

Med helsing  
Tore Eriksen  
fylkesrådmann  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Tore.Eriksen@sfj.no](mailto:Tore.Eriksen@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530932

---

**Fra:** Bjørn Inge Midtgård [mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no]  
**Sendt:** fredag 30. oktober 2015 14:04  
**Til:** Hanne M Eriksen Langø (hanne.lango@rogfk.no) <hanne.lango@rogfk.no>; gottfried.heinzerling@rogfk.no; Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>; Hansen, Jan Otto <JanOtto.Hansen@vaf.no>; ola.olsbu@austagderfk.no  
**Kopi:** Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>; Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>; Thorbjørn Aarethun <Thorbjorn.Aarethun@hfk.no>  
**Emne:** Brev frå SD

Hei,

T.o. – sjå vedlegg. Brevet frå SD er sendt til alle fylkeskommunane. Det er vert å merka seg at SD skriv:

*«I et litt lengre perspektiv – tentativt innen 1.1.2017 – legger Samferdselsdepartementet til grunn at utstederfunksjonen ivaretas av egne utstederselskaper som er uavhengig av regionalt bompengeselskap».*

og at

*«I regioner med få kunder er det usikkert hvorvidt et utstederselskap kan operere med kostnader som er tilstrekkelig lave.*

*På denne bakgrunn oppfordrer Samferdselsdepartementet fylkeskommunene til å vurdere interregionalt samarbeid om utstederfunksjonen.*

*Et alternativ kan også være at fylkeskommunene velger å stå helt utenfor utstederrollen ved ikke å eie eller være deleier i utstederselskap.»*

Det er heller ikkje noko i vegen for at eit utstedarselskap kan kjøpa tenestene eksternt, iflg. Tore Eriksrød i Eriksrød Consulting (opplyst i mail til meg tidlegare i dag). Utstedarrolla har me hittil ikkje omtala så mykje i notatet/saksgrunnlag.

Med helsing  
**Bjørn Inge Midtgård**  
Seniorrådgjevar  
Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)